



To av dei tre betong-elementa som låg ytterst mot fjorden må truleg vrakast. Dette biletet vart teke om morgonen etter storstormen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Enno forelegg ikkje konklusjonane frå takstmannen til forsikringsselskapet If, men det er klart at delar av piren som vart skada under storstormen Per må kondemnerast. Det opplyser leiar i båtlaget Harald Erdal til uskedalen.no.

Takstmannen såg på skadane sist fredag og rapporten hans vil snart komma til Uskedalen. Festene mellom dei tre store betong-elementa som ligg ytterst vart reve laus og to av elementa må kondemnerast, meinte takstmannen. Også i Bergen skal det ha vore avslørt liknande svakheiter i skjøtene mellom slike betongelement.

Også fem uteliggjarar var reve laus. Tre av dei må kasserast medan to truleg kan repararast.

- Vi må ha anlegget klart att til påske, seier Erdal, som naturleg nok ikkje kjenner dei økonomiske konsekvensane for båtlaget enno.
- Forsikringen tek i utgangspunktet dette, men det er jo alltid noko som den ikkje dekkjer inn, seier han.

Av Ola Matti Mathisen